

Sotrakonferansen

- samhandlinga mellom by og land går frå ord til handling

- Regionen må samle seg, prioritere og vere aktiv for å gjennomføre prosjekt. Sotrasambandet er eit godt eksempel: Kommunane må kome frem til ei felles løysing, presentere denne for staten og realisere bygginga i eit prioritert program. Vi kjem ikkje med i Norsk Vegplan med eit uavklåra planframlegg.

Behovet for samhandling, møteplassar og felles løysingar til felles beste blei både understreka og konkretisert på Sotrakonferansen 2. september. Stat, fylke og by- og landkommunane var representerte med foredrag, som alle gjekk i same retning: Ver ikkje skeptisk og mistenksam, kom saman og løys dei viktigaste fellesprosjekta. Infrastruktur - vegsamband og storhavn, ein fungerande flyplass og kollektivtrafikk, blei peika på som eksempel, utdanning og næringsareal som like viktige.

Konferansen er omtalt på Fjell kommune sine nettsider:

<http://www2.fjell.kommune.no/Aktuelt/Sotrakonferansen-Vil-utvikla-samhandling-mellom-by-og-land/>

Foredraga ligg som pdf-filar på vnr si nettside:

<http://vnr.no/index.php?mapping=12&vnr=9e331ed6e9e17e5f6d722feb934fc4d4Ti0>

Ekklusiv søndag i Luftskipet

Arrangementet på Gjerdet Kulturminnegard, med luftskipet som sentrum, den 29. august, blei akkurat så eksklusivt, så nyttig og så mangfaldig som ønskt. Luftskipet opna for konsert med Twitter Machine, og besøkande kunne få med seg både Vestlandsforteljinga på Gjerdet og Festninga, lokalmat og innsyn i PIN-aktivitetar. Siv Støldal og Gode Sirkklar si utvikling av kulturminnegarden blei presentert for eit publikum som òg opplevde korleis Luftskipet kan vere ramme for unike arrangement.

Luftskipet som arena

Rommet i det mobile kulturbygget er særlege, og kan innreist på mange vis. Det er plass til 78 stolar i rad, eller det kan dekkast bord til 20 personar. Konsertar, utstillingar og foredrag får ei unik setting inne under zeppelinarduken.

På Luftskipet si eiga nettside, <http://www.luftskipet.net/> er det kontaktinformasjon for den som vil ta arenaen i bruk, i haust vil skipet stå ved Gjerdet gard på Fjell.



Initiativ for bedriftsnettverk i Øygarden

Gode Sirkklar har gjennomført dialogmøte med 25 bedrifter i Øygarden. Møta er ein del av ei satsing for å få fram grunnlag for felles satsingar og prosjekt for å styrkje bedriftene i kommunen. Kommunen inviterer til ei samling med næringslivet i oktober for å følgje opp vesentlege resultat av møta.

Ny akselerasjonskonferanse med tema reiseliv og opplevingsturisme.

Regionen sine rike natur- og aktivitetsopplevingar vil vere tema for neste akselerasjonskonferanse. Føremålet er å bringe saman forskarar og reiselivsverksemdar utanfrå, med næringa i regionen og vårt eige destinasjonsselskap Kysteventyret.

Dei siste åra har Gode Sirkklar saman med vnr og kommunane bygd opp eit nettverk for reiseliv og opplevingsnæringa, og fått godkjend kysten som eige destinasjon i fylket. Konferansen skal legge grunnlaget for å ta denne satsinga vidare, ved å skape kontakt og samhandling både internt og eksternt.

Konferansen er beramma til månadsskiftet januar/februar 2011.

Glimt av kva som kan bli aktuelle satsingar i fire pilotfilmar frå regionen:

<http://skredemedia.blip.tv/>

Sjå også kysteventyret.no

Samkøyrtd rådgjevingsteam vil gi råd og støtte.

Entreprenørar blir løfta fram i regionen Sund, Fjell, Øygarden og Askøy Etablerartenesta til Gode Sirkklar vil sikre nyskaping og initiativ i næringsbygginga i regionen, med ei solid teneste med samarbeid over tradisjonelle grenser. Saman med NAV og Servicetorga i kommunane er det etablert eit tverr-alt-mogeleg-team, som skal senke terskelen for å søke råd og hjelp ned til omtrent golvnivå. Som fundament og lim i det nye samarbeidsteamet har heile 14 tilsette i dei ulike organa meldt seg til same kurset på Høgskolen i Bergen. Innovasjon Noreg og Hordaland fylkeskommune samarbeider med Hib om kurset, som skal styrke etablerartenestene i fylket. Den solide gruppa frå regionen vil bruke kurset som eit felles fagleg utgangspunkt for utvikling og kvalitetssikring av denne viktige tenesta i kommunane som er med.

Initiativet til fellessatsinga og teambygginga kjem frå Gode Sirkklar, som driv etablerarteneste som ein del av sine tenester for næringsutvikling.

Levekårsundersøkjinga i Øygarden gjennomført. Kommunestyret drøfter rapporten 22.09.

Øygarden kommune har engasjert Gode Sirkklar til å undersøkje kva som ligg bak kommunen sin låge rangering på kommunebarometeret og statistikk over levekår. To forskarar frå Sintef har gjort eit utgreiingsarbeid, som er lagt fram i ein rapport for kommunale organ. Rapporten sin hovudkonklusjon blir oppsummert i setninga "Betre enn først antatt, med gode føresetnader for vidareutvikling". Forskarane vil vere til stades og delta i kommunestyret si drøfting av rapporten 22. september.



Stipendiat i Kysteventyret

Gode Sirkklar sitt reiselivsprosjekt har frå 01.09 gleda av å ha ein bedriftstipendiat knytta til seg. Det er midlar frå Sparebanken Vest og Hordaland fylkeskommune som gjer det mogeleg å ha denne ekstra ressursen fram til juni 2011.